

Unge vaksne i Kvam som mottek uføretrygd eller arbeidsavklaringspengar

Ei undersøking utført av NAV Kvam/Kvam herad

VEDLEGG TIL OPPVEKSTPLANEN FOR KVAM 2023-2033



Innhald

Del 1: Bakgrunn for undersøkinga.....	2
Folkehelseoversikt for Kvam 2021-2023	3
Omverdsanalyse NAV for Voss og Hardanger 2022	3
Del 2: Intervju med unge vaksne knytte til NAV	5
Del 3: To djupneintervju.....	6

Del 1: Bakgrunn for undersøkinga

Planprogrammet for oppvekstplanen i Kvam seier dette om behovet for utgreiingar og meir kunnskap:

Folkehelseoversikt for Kvam herad 2021-2023 viser ei uheldig utvikling som gjeld talet på unge vaksne som er varig uføre eller tek mot arbeidsavklaringspengar. Samanlikna med tala for Vestland og Noreg har Kvam hatt ei klar auke i talet unge uføre menn. Me treng meir kunnskap om kva som kan liggja til grunn for denne utviklinga.


For å undersøka dette, har tilsette ved NAV Kvam og prosjektleiar ved oppvekstplanen for Kvam herad gjort ulike typar intervju med unge vaksne i Kvam. Undersøkinga gjev ikkje svar på kvifor Kvam har eit høgare unge uføre enn snittet i regionen, slik Omverdsanalysen til NAV viser. Undersøkinga forklarar heller ikkje utviklinga i talet unge menn som mottek uføretrygd eller arbeidsavklaringspengar, slik Folkehelseoversikta for Kvam viser. For å forklara dette, måtte me gjort andre typar og større undersøkingar. Funna i undersøkinga peikar på risiko- og beskyttelsesfaktorar som gjer at utviklinga hos unge kan ta ulike retningar.

Denne rapporten har tre delar:

- Bakgrunn med informasjon frå folkehelseoversikt for Kvam 2021-2023 og Omverdsanalyse 2021 NAV for Voss og Hardanger.
- Intervju NAV – oppsummering av funn i intervju
- Oppsummering av funn frå djupneintervju

Folkehelseoversikt for Kvam 2021-2023

Folkehelseoversikta for Kvam 2021-2023 (side 22) inneheld denne statistikken, som viser delen av unge vaksne i aldersgruppa 18 til 29 år som er enten varig uføre eller mottek arbeidsavklaringspengar:



Figur 23 og 24 viser delen menn og kvinner i aldersgruppa 18-29 år i Norge, Vestland og Kvam som tek i mot uføreytingar i tidsperioden 2011-2018 (3-års glidande gjennomsnitt) (1).

Me ser her at prosent av unge vaksne som ikkje er del av ordinært arbeidsliv eller utdanningsløp er høgare i Kvam enn i Vestland og i Noreg. Når det gjeld unge kvinner, har det vore ein nedgang i Kvam, men når det gjeld unge menn, har det vore ei auke. For begge kjønn gjeld at rett under 6 prosent tek mot uføretrygd eller arbeidsavklaringspengar.

Omverdsanalyse NAV for Voss og Hardanger 2022

Den regionale omverdsanalysen for NAV gjev oversikt over situasjonen og utviklinga på område som har påverknad på korleis NAV kan løysa oppgåvene sine. Analysen kan nyttast som grunnlag for planlegging og forståing av utfordringar i regionen.

I levekårangeringa for Vestland kan me sjå at Kvam totalt sett er i den midtarste tredelen av fylket, men at me ligg i den dårlegaste tredelen når det gjeld variablane *Median bruttoinntekt* og *Ufør 18-49 år*:

Levekårsrangering for Vestland 2022

Bli farge betyr at kommunen er i den beste tredjedelen i fylket.
Grå farge betyr at kommunen er i den midterste tredjedelen i fylket.
Rød farge betyr at kommunen er i den dårligste tredjedelen i fylket.

Kart med levekårsranking - Samla rangering




Tabell med ranking for enkeltelementa

	Totalt (Ranking)	Anmeldte lovbrudd	Barnevernstilfelle	Del med låg utdanning	Median bruttoinntekt	NAV-brukarar	Sosialhjelp 18-24 år	Sjukeråvar	Ufar 18-49 år
Aurland	1	1	1	1	1	1	1	1	
Austevoll	2	2	2	2	2	2	2	2	
Gloppen	3	3	3	3	3	3	3	3	
Sogn dal	4	4	4	4	4	4	4	4	
Stryn	5	5	5	5	5	5	5	5	
Sunnfjord	6	6	6	6	6	6	6	6	
Årdal	7	7	7	7	7	7	7	7	
Region	8	8	8	8	8	8	8	8	
Stad	9	9	9	9	9	9	9	9	
Ullensvang	10	10	10	10	10	10	10	10	
Uyvik	11	11	11	11	11	11	11	11	
Luster	12	12	12	12	12	12	12	12	
Årstad	13	13	13	13	13	13	13	13	
Sogndal	14	14	14	14	14	14	14	14	
Vik	15	15	15	15	15	15	15	15	
Bævre	16	16	16	16	16	16	16	16	
Banslo	17	17	17	17	17	17	17	17	
Myllendal	18	18	18	18	18	18	18	18	
Kvam	19	19	19	19	19	19	19	19	
Karmøy	20	20	20	20	20	20	20	20	
Stord	21	21	21	21	21	21	21	21	
Ullensvang	22	22	22	22	22	22	22	22	
Østfold	23	23	23	23	23	23	23	23	
Bremanger	24	24	24	24	24	24	24	24	
Fjell	25	25	25	25	25	25	25	25	
Høyanger	26	26	26	26	26	26	26	26	
Maxfjord	27	27	27	27	27	27	27	27	
Stad	28	28	28	28	28	28	28	28	
Furus	29	29	29	29	29	29	29	29	
Voss	30	30	30	30	30	30	30	30	
Akrolf	31	31	31	31	31	31	31	31	
Gulen	32	32	32	32	32	32	32	32	
Kinn	33	33	33	33	33	33	33	33	
Kinnherad	34	34	34	34	34	34	34	34	
Molde	35	35	35	35	35	35	35	35	
Osnes	36	36	36	36	36	36	36	36	
Ålver	37	37	37	37	37	37	37	37	
Aukoy	38	38	38	38	38	38	38	38	
Austheim	39	39	39	39	39	39	39	39	
Fedje	40	40	40	40	40	40	40	40	
Sævi	41	41	41	41	41	41	41	41	
Vaksdal	42	42	42	42	42	42	42	42	
Stryn	43	43	43	43	43	43	43	43	

Levekårsrangeringa for Voss og Hardanger syner korleis kommunane i regionen skårar på dei ulike variablane. Me ser at Voss og Vaksdal er dei to kommunane med høgast del unge (18-49 år) som mottek uføretrygd:

Levekårsrangering for Voss og Hardanger

Bli farge betyr at kommunen er i den beste tredjedelen i fylket.
Grå farge betyr at kommunen er i den midterste tredjedelen i fylket.
Rød farge betyr at kommunen er i den dårligste tredjedelen i fylket.



Det er verd å gjera merksam på at Folkehelseoversikta og Omverdsanalysen refererer til ulike grupper. Folkehelseoversikta viser statistikk over unge vaksne i alderen 18 til 29 år som mottek arbeidsavklaringspengar og uføretrygd. Omverdsanalysen viser statistikk over unge vaksne i alderen 18-49 år som mottek uføretrygd. Samla sett viser statistikkane at Kvam har ein prosentvis større del unge utanfor utdanning og arbeidsliv enn mange av kommunane rundt oss.

Del 2: Intervju med unge vaksne knytte til NAV

Metode: For å undersøka kva som kan ha påverka i positiv og negativ retning i løpet av oppveksten, har NAV intervjuet unge vaksne i Kvam som mottok arbeidsavklaringspengar. Intervjuet har vore standardiserte og intervjuaren har følgd ein fast intervjuguide. Intervjuguden eller spørjeskjemaet vart utarbeidd med utgangspunkt i beskyttande faktorar som vert skildra i oppvekstplanen, og delt inn i ulike livsfasar og arenaer i livsløpet:

- Barnehage
- Barneskule
- Ungdomsskule
- Vidaregåande skule
- Jobb
- Fritid
- Heimesituasjon
- Helse

Det vart gjort eit utval blant dei i aldersgruppa 18-29 som er på NAV Kvam sine lister over personar som mottok arbeidsavklaringspengar. Som hovudregel må arbeidsevna vera nedsett med minst 50 prosent på grunn av sjukdom eller skade for at ein skal kunna ta mot arbeidsavklaringspengar, for alle typar arbeid ein er kvalifisert for.

Dei aktuelle informantane fekk invitasjonar til å delta i intervjuet med informasjon om at dette er frivillig og anonymt. Notat frå intervjuet vert ikkje gjevne att her, for å sikra anonymiteten til dei som har bidrege.

Intervjuet vil vera grunnlag for drøftingar og refleksjonar internt i NAV.

Det neste avsnittet peikar på tendensar som ein kan trekkja ut av materialet:

Funn

- Alle som vart intervjuet, har ein lojalitet til familien sin og er stolte over familien sin.
- Det har kome mange og tydelege tilbakemeldingar om kor viktig det er at vaksne må bry seg om korleis barn har det.
- Det er viktig å verta sett av barnehagetilsette, av lærarar, av tilsette i andre tenester som møter barn, og av trenarar og andre vaksne knytte til fritidsaktivitetar.
- Alle understrekar kor viktig det er å få vera seg sjølv i eit fellesskap (utan å verta sett på som spesiell eller frå ein spesiell familie).
- Mange fortel om gode barneår, men så dreg det seg til med vanskar og problem i ungdomstida.
- Mange rapporterte om at dei har adhd og/eller dysleksi, og at dette først vart kartlagt på ungdomsskulen. Dei hadde ønskt at det hadde vorte kartlagt tidlegare.
- Mange etterspør betre kvalitet på den tilpassa opplæringa dei har fått i skulen.

- Ein kan sjå kjønnskilnad:
 - Mange av gutane fortel at dei var urolege og utagerande i barnehagealder, og opplevde mange konfliktsituasjonar og mobbing i barneåra. Så kan det sjå ut som om uroa deira «forsvinn inn på guterommet» etter kvart som dei vert eldre. Mange brukar mykje tid på gaming, og mange får depresjonsdiagnosar i 20-åra.
 - Mange av jentene fortel at problem og utfordringar først vart synlege då dei gjekk på vidaregåande skule. Dei har vore flinke og pliktoppfyllande på mange måtar i oppveksten, og har teke eit stort ansvar for seg sjølv og andre. Angst- og depresjonsdiagnosar kom til synes i vidaregåande-alder.
- Mange fortel om at fritidsaktivitetane var viktige for dei i oppveksten.
- Nesten alle angra på valet sitt når det gjeld vidaregåande skule.

Del 3: To djupneintervju

Del 3 er djupneintervju med to unge vaksne i Kvam som ein kan seia har vakse opp med mange risikofaktorar rundt seg, men som likevel i dag er i arbeid eller under utdanning. Felles for dei to informantane er at dei har vakse opp i familiar med varierende omsorgsevne og rus. Målet med intervjuet er å leita etter faktorar som har styrka personane i utviklinga deira og kva dei ser kunne vore annleis.

Informantane fekk invitasjonar til å delta i intervjuet med informasjon om at dette er frivillig og anonymt. Notat frå intervjuet vert ikkje gjevne att her, for å sikra anonymiteten til dei som har bidrege.

Metodisk må ein vera varsam med å trekkja ut konklusjonar frå eit kvalitativt materiale som djupneintervju. Heller enn konklusjonar vil prosjektgruppa oppsummera funn som kan gje grunnlag for vidare refleksjonar i tenestene.

- Det kan vera vanskeleg å sjå på eit barn at ting ikkje er greitt heime. Barn og unge vil sjeldan fortelja med ord at noko er vanskeleg. Barn og unge er glade i og lojale mot foreldra sine. Kanskje ein heller ikkje veit kva som er vanleg og trur at alle andre har det slik ein sjølv har det. Vaksne må vera merksame på teikn og signal som barn gjev på at noko ikkje er greitt. Nokre barn viser utagerande åtferd eller trekkjer seg tilbake som ein reaksjon på vanskar i livet, mens andre barn verkar glade og liketil.
- Det er viktig at vaksne vågar å bry seg, undra seg og spørja viss ein lurar på om eit barn ikkje har det bra.
- Fritidstilbod er viktig. Det er ein arena for å oppleve meistring og å ta eigne val, og ein arena som gjev ein pause frå heimen.
- Skulen er viktig, fordi:
 - Det er der barna og ungdomane er, og skulen har ein unik posisjon for å oppdaga teikn og signal på at noko ikkje er bra.

- På skulen har barn moglegheit til å oppleva normalitet og få kunnskap om normalitet.
- Eit barn som veks opp i utrygge heimar, kan ha vanskelegare enn andre barn for å knyta seg til medelevar og vaksne på skulen. Det er viktig for alle barn, men særleg for barn i denne gruppa, at skulen har eit godt og trygt skulemiljø, arbeider med relasjonar og møter elevane med undring og eit ønske om å forstå situasjonen deira.
- God opplæring gjennom grunnskule og vidaregåande skule er svært viktig for vidare utdanning og å etter kvart få seg jobb og faste og trygge rammer.
- (Prosjektgruppa veit at desse punkta også generelt vil gjelda barnehage, men desse informantane snakka om skule)
- Dess seinare vanskane vert oppdaga og gjort noko med, dess meir risiko er det for at personen tek skade av det med tanke på psykisk og fysisk helse.
- Viss ein vaksen er uroa for om eit barn eller ein ungdom har det bra, har det mykje å seia for tilliten på kva måte den vaksne tek dette opp med barnet/ungdomen.
- Det kan sjå ut til at mange vaksne ikkje vågar å spørja viss dei lurar på om det er noko som ikkje er bra, for kanskje dei trur at barnet/ungdomen vert sur, eller dei vil ikkje at foreldra skal verta sure. Det er likevel viktig at vaksne vågar å sjå, spørja og undersøka og vera var for barnet sine behov.
- Barn og unge treng å vita kva som skjer rundt dei, få informasjon, medverka i eiga sak og finna løysingar som passar til den einskilde.
- Viss eit barn verkar hissig eller utagerande eller hamnar i konflikt, er det viktig at vaksne spør seg om kva som ligg bak åtferda.
- Det er viktig for barn og unge å verta sett på som den dei er, ikkje tolka ut frå kva familie dei kjem frå.
- Det er svært viktig å byggja ein god relasjon mellom barnet/ungdomen og den eller dei vaksne som skal hjelpa, og at dei vaksne er fleksible og ikkje gjev opp.
- Å vera i jobb/under utdanning tyder at ein har rutinar, noko å gå til, ei meining og ein plan med dagane, inntekt og moglegheit for eit vanleg og sjølvstendig liv.